

Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Vår dato: 29.11.2021

Vår ref.: 202004820-7

Dykkar ref.: 20/371 - 21/8715

NVE opprettheld motsegn til detaljreguleringsplan for Storeskjeret - Planid 4634-20200005 - Masfjorden kommune

Vi viser til brev datert 29.10.2021. Saka gjeld 2. gongs offentleg ettersyn av detaljreguleringsplan for Storeskjeret. Føremålet med planframlegget er å legge til rette for kombinert føremål med matbutikk, bustad, forretning og kontor. NVE fremja motsegn til planen ved 1. gongs offentleg ettersyn.

NVE opprettheld motsegn til detaljreguleringsplan for Storeskjeret. Fare for områdeskred av kvikkleire er ikkje tilstrekkeleg avklart.

Om motsegna

Ved første gongs offentleg ettersyn fremja NVE i brev datert 11.03.2021 motsegn til detaljreguleringsplan for Storeskjeret. Grunnlaget for motsegna var at fare for områdeskred av kvikkleire ikkje var tilstrekkeleg utgreidd. Vi sa vidare at dersom de syter for å få utgreidd skredfaren, og innarbeider konklusjonane i planen, fell grunnlaget for motsegna bort.

Fare for områdeskred av kvikkleire

Ved 1. gongs offentleg ettersyn konkluderte Russenes Rådgiver Geologi (RRG) med at det er sannsynleg med avsetningar av marin leire i sjøen, og at det og kan vere marine avsetningar/marin leire på land. Desse konklusjonane var ikkje følgd opp i plankart eller føresegner. Då det er eit viktig prinsipp å avklare reell fare for skred på siste plannivå fremja NVE motsegn inntil fare for områdeskred av kvikkleire er avklart, og konklusjonane er innarbeidd i planen.

Sweco har no vurdert fare for områdeskred av kvikkleire. Rapporten er datert 11.05.2021. I korte trekk konkluderer SWECO slik:

- Det er ikkje aktuelt at det oppstår områdeskred på land i/nær planområdet.
- Sweco har ikkje tilstrekkeleg informasjon til å vurdere fare for områdeskred under vatn.



- I kva grad tiltak i planen påverkar områdestabiliteten avheng av plassering og fundamenteringsmetode. Områdestabiliteten bør vurderast nærare når plassering av bygg og fundamenteringsmetode er bestemt.

Sweco har ikkje kartfesta arealet som framleis er å sjå på som aktsemdområde. I plankartet finn vi ingen avmerking, til dømes omsynssoner, som kan indikere potensiell eller reell fare. Det er teke inn ei føresegn (§ 7-1c) der det heiter at det skal utarbeidast geotekniske undersøkingar vedr. områdestabilitet under vatn for utfylling i sjø til parkering og kai.

Etter vår vurdering er kartlegginga av fare for områdeskred av kvikkleire framleis ikkje tilstrekkeleg i høve til følgjande formulering i rundskriv [H-5/18 Samfunssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling](#) der det heiter at: «Ved siste plannivå er det ikke mulig å skyve nærmere avklaring av reell fare til byggesaken ved å sette vilkår for å innvilge byggesøknad. Kravet til ROS analyse i lovens §4-3 vil da ikke være oppfylt»

Vi vurderer at grunnlaget for motsegna ikkje har falle bort, og **NVE opprettheld difor motsegn til detaljreguleringsplan for Storeskjeret.**

Skredfare i bratt terreng

I brevet vårt av 11.03.2021 gav vi fråsegn knytt til skredfare i bratt terreng. Vi peikte då på at Russenes Rådgivar Geologi sin skredfarerapport hadde vesentlege manglar i høve til den digitale [retteiaren for utgreiing av skredfare i bratt terreng](#). RRG sin rapport vert framleis lagt til grunn. Vi gjentek difor vårt råd om å syte for ei ny skredfarevurdering i samsvar med bransjestandard.

Med helsing

Øyvind Leirset
seksjonssjef

Toralf Otnes
senioringeniør

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Mottakarliste:

Masfjorden kommune

Kopimottakarliste:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND